

Avskrift fra rettsboka for Ytre Nordhordland jordskifterett
for det som etterst ande vedkjem :

År 1973, den 3. september vart jordskifterett sett i huset til Karl Ryland p  gnr. 43, Ryland i Heland herad.

Retteformann : Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn : 1. Alfred J. Langeland, Frekhaug.
2. Magne Askeland, "

Protokollf rar : Jordskifteteknikar Hils Klakege.

Sak nr. 8/1971.

Sakn gjeld : Grensegang og jordskiftekraav for Haustneset og hausttouter i Ganesvika under gnr. 43, Ryland i Heland herad.

Sakaskjarar :

1. Karl Ryland, eiger av gnr. 43, bnr. 5, Ryland i Heland.
2. Ingvald Ryland, " " " 43, " 8, " "

Sakakte :

1. Normann Isdal, " " " 43, " 1, " "
2. Johannes Veland, " " " " 2, " "
3. Kristine Olsen, " " " " 3, " "
4. Einar Danielsen d.y. " " " " 4, " "

Fraanrett i retten var :

Karl Ryland, Ivar Ryland far far sin Ingvald Ryland ved skriftleg fullmakt. Normann Isdal, Johannes Veland, Gyvind Olsen for kona si Kristine Olsen ved skriftleg fullmakt, Einar Danielsen d. y. sammen med far sin Hikken Danielsen.

Fraanlagt i retten vart :

1. Krav om denne jordeskiftesak av 15/10-1971 underteikna av Karl og Ingvald Ryland.
2. Gjenpart av innkalling til dette rettsm tet av 1.august 1973 med farebale og enda leg n nnsoppnevning og vedhefta postkvittering av 2.8.73 for rek. brev til partane.
3. Skriftleg fullmakt udatert fr  Kristine Olsen til Gyvind Olsen.

4. Skriftleg fullmakt av 3/9-73 fra Ingvard Ryland til
Ivar Ryland.

Dei framlagde dokument vart opplesne.

Dessutan vart hatt tilstades i retten:

1. Avskrift av utmarkutskiftinga for Ryland,
slutta 10/11-1921.
2. Ekstrautskrift av utskifting av 6. april 1875 på
garden Ryland.
3. Ekstrautskrift av overutskifting på Ryland av
13. september 1875.
4. Originalkart av utmarka til Ryland oppteke 1918
av Bergvin Krohn.
5. Kart over utmarka til Ryland oppteke 1874
av F.J. Julin.

Avgjørelsen hadde dokument vart opplest så mykje
som dei møtande fann turvande.

Rettsformannen las opp §§ 106-108 i domstolova, og
etter tilspurnad fra rettsformannen kom der ikkje noko
innvending mot samansetjinga av retten og retten sa
seg gilt i saka.

No fekk saksekjarane ordet og ba om å få saka fremja
og klårgjorde sitt syn vedkommande sakstilhøvet.

Deretter fekk dei sakssakte ordet og desse fekk og
klårgjera sitt syn på saka.

Det syntes seg å vera ulike meininger om eigedomstilhøva
på Naustneset og retten saman med partane tok syn-
faring i marka.

Det syntes seg å vera ulagelege eigedomstilhøve i naust-
området og partane fekk på ny uttala seg om saka.

Retten mekla no i saka og herunder inngjekk partane
friviljukt denne

Semje :

Dei underteikna partar som er eigarar av gnr. 43, bnr.
1,2,3,4,5 og 8 under Ryland i Meland herad er i dag
vorte samde om at naustområdet i Gamlesvika og Naust-
neset skal regulerast og eigast for framtida slik som
nedanståande grenseskriving syner :

Grense 1. mellom bnr. 1, eigar Normann Isdal, bnr. 2, Johannes

Veland og bnr. 4, Einar Danielsen sitt sams naustområde på nordre sida og utmarka til bnr. 6 på motsette sida tek til i sjøen og går NA i rett line til strandlinja og same retning ca. 2 m til kross i fjell (1), herfrå ANA i rett line 15,7 m i rett line mot grensemerke (2).

Grense 2. mellom bnr. 5, eigar Karl Ryland på nordre sida og
og utmarka til bnr. 4 på motsette sida, tek til i endepunktet av grense 1 og går i same retning og rett line som grense 1, 4,3 m til kross i fjell (2) og same retning 8,0 m til kross i fjell (3).

Grense 3. mellom bnr. 5, Karl Ryland på søre sida og bnr. 8,

Ingvald Ryland på motsette sida, tek til i endepunktet av grense 2 og går VNV i rett line 14,0 m til kross i fjell (4), same retning 7,4 m til kross i fjell (5) og same retning til djupålen i vika eller marbakken i sjøen.

Grense 4. mellom naustsameiga til bnr. 1, 2 og 4 på søre sida og bnr. 5 på motsette sida, tek til i endepunktet av grense 1 og går VTN i rett line 4,5 m til kross i fjell (6), same retning 11,7 m til kross i fjell (7) og vidare i same retn. 8,5 m til kross i fjell (8).

Grense 5. mellom flytebryggjeområdet til bnr. 1,2,3,4,5 og 8 på søre sida og bnr. 5 på motsette sida, tek til i endepunktet av grense 4 og går V i rett line 4,4 m til kross i fjell (9) og same retning til marbakken i sjøen.

Grense 6. mellom flytebryggjeområdet til bnr. 1,2,3,4,5 og 8 på vestre sida og det sams naustområdet til bnr. 1, 2 og 4 på motsette sida, tek til i endepunktet av grense 4 og går SVTS i rett line 6,0 m til kross i fjell (10) og same retning til marbakken i sjøen.

Bnr. 8 grensar i nord til naustteigen eller naustretten til Olav Ryland og i aust til den tidlegare sameigegrense, men desse grenser er som før og ursarde ved semja.

Fra flytebryggjeområdet mellom grense 5 og 6 skal den gå ein veg av 1,5 m breidd på nordsida av grense 4 og vidare nordaust

og austover slik som avlagd på kartet. Vegen er til sams bruk for bnr. 1-5 og 8. Likeeins skal naustvegen for bnr. 8 gå på sørsida av naustet til Olav Ryland slik som avlagd på kartet.

Vegane kan utbetraast.

Eigaren av bnr. 1, 2 og 4 tilpliktar seg å vera med ved byggjing av eit sams naust på det her utlagde sams naustområde for dei nærmeste bruk. Bnr. 4 har då rett å overtaka den austre del av det sams naust. Dette naustet skal oppførast etter vanleg kostnad. I naustet skal vera heile faste delevegger.

Eigarane av bnr. 1,2,3,4,5 og 8 tilpliktar seg å ta del i kostnader ved ei sams flytebryggje i sjøen vest for området mellom grense 5 og 6, men eigaren av bnr. 5, Karl Ryland eller seinare eigar av dette bruk skal ha rett på den nordaustlegaste liggjeplassen for båt ved flytebryggja.

Vi har godteke det framlagde kart for Naustneset. Saka vert sett i verk straks.

Det av den tidlegare sameige ved den gamle nausstomten til bnr. 3 og på nordøysida av naustet til Olav Ryland skal heretter tilhøyra bnr. 3 som full eideom.

Semja er kunngjord i dag den 4. september ved opplesing av rettsboka.

Semja vedteka.

Ryland, den 4. september 1973.

Normann Isdal (s)

Johannes Veland (s)

for bnr. 1

for bnr. 2

Givind Olsen (s)

Einar Danielsen d.y. (s)

for bnr. 3 etter skriftleg

for bnr. 4

fullmakt til semje.

Karl Ryland (s)

Ingvald Ryland (s)

for bnr. 5

for bnr. 8

Den same tinglylene skrift av saka vert å take vare på av bnr. 5 til sams bruk for alle partans.

Se vart framlagt skriftleg fullmakt for underteikning av sene
frå Kristine Olsen til Sivind Olsen, vedlegg nr. 5.

Bei pålagde jordskiftekostnader vart betalt av alle partane
på staden.

Etter tilspurnad frå rettsformannen kom der ingen merknad til
lesinga av retten eller fering av rettsboka.

Retten heva.

Ryland i Meland, den 4. september 1973.

Svarre Aardal

(s)

Alfr. J. Langeland (s)


Magne Askeland (s)

Rett avskrift:



180-

Dok. nr. 2459/1974 daterbokf. 9 mai 1974
Rettsskriftsaktskomiteen i Hordaland
Forskrift om rettskraftig gjeldelse
1. Etter 1. desember 1973.
2. Etter 1. desember 1973.


222

KART
over
NAUSTNEST
Gnr. 43
RYLAND
MELAND HERAD

